



Vertshuset under leing av Morten Nilsen har hatt stor suksess med sommar-opninga og ikkje minst skalldyrraften på torsdagar har vorte ein slagar.

Denne torsdagen vart det sett ny besøksrekord. Då var 120 innom og fekk servert reker, krabbar, sjøkreps og fiskesuppe,

Så stor var interessa at dei måtte avvisa rundt rekna 30 gjester. Folk kom frå heile Kvinnherad.

Innslaget frå Rosendal var til dømes betydeleg - derifrå kom det ein heil buss! Og folk storkoste seg!

- Det er ikkje minst dei ferske rekene frå Karmøy som gjer susen, seier ein av det fornøgde gjestane til uskedalen.no

Denne gongen hadde verten strev med å få tak i nok reker, men han lukkast til slutt. Og serveringa gjekk raskt og smidig for seg, får vi opplyst.

På biletet forsyner Terje Jacobsen frå Porsvik seg under ein tidlegare skalldyraften.

(Foto: Ola Matti Mathisen)